

Saksbehandlar: Statens vegvesen
Sak nr.: 16/438-1

Forslag til medlemmer til Trygg Trafikk sitt styre for perioden 2016 - 2018

Fylkesdirektøren rår FTU til å gjere slikt vedtak:

Kandidat 1:.....

Kandidat 2:.....

Vedlegg:

1. Skriv frå Trygg Trafikk datert 19. november 2015.
2. Skriv frå Trygg Trafikk datert 24. november 2015.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Bakgrunn for at saka er reist

Trygg Trafikk sine medlemmar har motteke skriv frå Trygg Trafikk datert 19. og 24. november 2015. I skriva vert medlemsorganisasjonane bedt om å fremja grunngjeve forslag på medlemmar til Trygg Trafikk sitt styre for tidsrommet 2016-2018.

2. Saksopplysningar

Trygg Trafikk sine medlemmer har motteke skriv frå Trygg Trafikk datert høvesvis 19. og 24. november 2015. I skrivet datert 19. november står m.a. følgjande:

«Trygg Trafikks landsmøte 2016 er berammet til 13. april. En av de vedtaksfestede sakene på dette møtet er valg av medlemmer/varamedlemmer til vårt styre. Forslag på kandidater til styret må være valgkomiteen i hende senest to måneder før landsmøtet.

Trygg Trafikks administrasjon har, etter anmodning fra valgkomiteens leder Tor Egil Syvertsen, fått i oppdrag å be organisasjonens medlemmer om å fremme begrunnede forlag på medlemmer til Trygg Trafikks styre for tidsrommet 2016-2018.

På kommende landsmøte er styreleder, to medlemmer og to varamedlemmer på valg. Valgkomiteen ønsker at forslag på aktuelle kandidater sendes Trygg Trafikk, boks 277 Oslo sentrum, 0103 Oslo, innen 9. februar 2016.

Valgkomiteen ber om at medlemsorganisasjonene gjerne foreslår to kandidater, en kvinne og en mann. Dette vil gjøre at komiteen får flere kandidater til vurdering. En oversikt over styrets nåværende sammensetning vedlegges.»

I tilsvarande sak i 2015 foreslo fylkestrafikktryggingsutvalet i møte den 03.02.15 følgjande kandidatar til Trygg Trafikk sitt styre: Nils Petter Støyva og Norunn Lunde Furnes. Ingen av desse vart vald inn i styret på Trygg Trafikk sitt landsmøte.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren legg saka fram utan tilråding til vedtak.